



DELEGERT SAK

Sakshandsamar: Ragnhild Lønningdal	Arkivkode: FA-L13
Arkivsaksnr: 19/918	Løpenr: 19/8012
	Vedtaksdato: 11.10.2019

SAKSGANG

Mindre reguleringsendring Bruahaugen Endring av veg forbi tomt 12 (gbnr. 34/307)

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-14, 2. ledd vert det gjort vedtak om mindre endring av detaljreguleringsplan for Bruahaugen i Eikedalen, planID 1242201101. Endringa gjeld følgjande punkt:

1. 265 m2 utviding av tomt 12 (gbnr. 34/307) mot aust,
2. forskyving av tilkomstveg og skiløypetrase mot aust,
3. 225 m2 innskrenking frå vest av arealføremål fritidsbustad på gbnr. 34/178, og
4. 158 m2 innskrenking frå vest av arealføremål fritidsbustad på tomt 13 (gbnr. 34/310).

Plankart dagsett 21.08.2019 med rev. dato 05.09.19 vert vedteke som nytt plankart.


Dokument som er vedlagt:

Brev detaljregulering Bruahaugen, søknad om mindre endring.sign
1242201101 RP Bruahaugen
Tillatelse til og legge vei over eiendom

Kva saka gjeld:

Det er søkt om mindre reguleringsendring av reguleringsplan for Bruahaugen. Bruahaugen ligg i Eikedalen, på vestsida av den private vegen til Eikedalen skisenter.

Den mindre endringa består i å skyva på vegen f_SKV2 mellom tomtene 12, 13 og gbnr 34/178. Grunnen er at ved byggeklargjering av tomt 12 vart det oppdaga ei lomme med jord på tomten, som gjer at hytta må skyvast lenger fram på tomten. Grunneigaren er også grunneigar på tomt 13, og det er innhenta erklæring frå gbnr. 34/178 om løyve til å skyva vegen inn på den tomta.



Vurderingar og konsekvensar:

Arealet innanfor byggjegrensa på tomt 13 vert redusert frå 268 m² til 165 m², og totalt areal på tomten vert redusert frå 808 m² til 650 m². Tomteutnyttinga er gjeve slik i føresegnene:

2.1.3 Maksimal tomteutnytting, inklusiv parkering, er; Fritidsbustad 120m² + bod 15m² + parkering(2 x 18) 36m²= 171m². Maks BYA/BRA 171m². Maks mønehøgde 7,0meter.

Byggjegrensa gjeld ikkje for bod og parkeringsplass. Utnyttingsgraden blir såleis ikkje minska med denne omlegginga av vegen.

Arealet innanfor byggjegrensa på 34/178 vert ikkje redusert, men tomtestorleiken vert redusert frå 1860 m² til 1635 m². Det ligg føre signert erklæring frå grunneigarane på denne endringa.

Arealet av tomt 12 vert auka frå 635 m² til 900 m². Sidan tomteutnyttinga ikkje er oppgjeve i prosent, vert ikkje tomteutnyttinga større sjølv om arealet aukar.

Etter det administrasjonen kan sjå er det ingen andre som vert råka av endringane. Me meiner såleis at denne endringa kan gjerast delegert vedtak om, jf. delegeringsreglementet pkt. 19.3 b) og pbl § 12-14, 2. ledd.

Det skal ikkje gjerast endringar i planskildring eller føresegner.

Me finn at det kan gjerast mindre endring som omsøkt av denne detaljreguleringsplanen.